

Arne Leite vann Spar sin limerick-konkurranse.

02.08.2016



Kjersti Børve med vinnarverset.

Spar Uskedalen har dei siste vekene arrangert ein limerick-konkurranse. Kjersti Børve ved Spar kan fortelja om svært gode respons, og at dei har fått inn mange flotte vers. Innhaldet skulle gå på kvifor ein skulle velja å feriera akkurat i vakre Uskedalen. Fristen for innsending var 1.august, og no er vinnaren kåra.

Jurien har gjort ein svært god jobb i den krevjande utvelginga, og dei har plukka ut Arne Leite som ein fortent vinner. Han sende inn følgjande rick:

Eg trur mest eg held på å bli galen
Stirra dødt ut i lokto, nett so smalen
Brått såg eg ka så feila
Eg måtte ut å seila
Te fjord og fjell, og fagre Uskedalen.

- Vinnaren får ein gummibåt i premie. Det var også mange andre gode forslag som får velfortente trøystepremiar, seier Kjersti Børve og bed uskedalen.no overbringa takk til alle som sende inn bidrag. Alle versa heng no som oppslag i kaffikroken i butikken.



Nokre av dei andre innsende limerickane.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland